



Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
14/4319

Dato
25.03.2014

Høyring frå Gloppen kommune - reservasjonsordning for fastlegar

Eg viser til departementet sitt høyringsbrev datert 21. januar i år.

Kommunestyret i Gloppen vedtok på møte den 24. mars i år denne uttalen i saka:

I eit høyringsnotat som regjeringa har sendt ut til kommunane, blir det opna for at den enkelte kommune sjølv kan gjere avtale om reservasjonsrett for legar som er motstandarar av abort. Kommunane skal etter regjeringa sitt framlegg ha høve til å inngå slike avtalar, men har ingen plikt til å gjere det.

Abortlova av 1975 gir allereie reservasjonsrett for sjukehuspersonell til å utføre eller delta i abortinngrep. Framlegget om at fastlegar skal kunne reservere seg frå å tilvise til abort går etter kommunestyret si oppfatning langt utover det som ligg i abortlova.

Ettersom pasienten sine rettar er lovfesta, er både kommune og den enkelte fastlege forplikta til å syte for at ingen skal få eit dårlegare tilbod ved at fastlegar eventuelt reserverer seg mot enkelte deler av det offentlege helsetilbodet. Dette betyr blant anna at legar som sjølv ikkje vil tilvise til abort, må tilvise til ein annan lege som så kan tilvise. Ei slik ordning vil føre til lenger saksgang ved tilvising, noko som i seg sjølv vil vere ei meirbelastning for dei pasientar det gjeld. Regjeringa vedgår også at ei slik ordning vil føre til meirkostnader for kommunane.

Stortinget må definere lovverket og ikkje overlate til kommunane å lage eigne lokale reglar i ei lovbestemt sak.

Konklusjon:

Gloppen kommunestyre ynskjer ikkje innstrammingar i høve dagens abortlovgeving og vil heller ikkje opne for at fastlegar i kommunen skal kunne reservere seg mot å tilvise til abort.

Vedtaket vart gjort med 24 mot 3 røyster.

Med helsing

Jan Kåre Fure
sekretariatsjef
tlf. 476 21 981

Dette brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.

Kopi til:

Internt til: Benny Østerbye Hansen
Internt til: Ragnhild S. Eimhjellen